



BERGEN
KOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

KULTURDEPARTEMENTET
Postboks 8030 DEP
0030 OSLO

Vår referanse: 2018/03047-22
Sakshandsamarar: Anita Solbakken
Inger Lena Gåsemyr
Dato: 13. juni 2018

Dei konsoliderte musea i Bergensregionen og økonomisk skeivfordeling

Eit av måla med museumsreforma tidlig på 2000-talet var å betre økonomien til musea og auke offentlege tilskot. Staten, fylkeskommunane og kommunane skulle stå for det økonomiske spleiselaget. I statsbudsjettet for 2018, post 70 Det nasjonale museumsnettverket, er fordelingsnøkkelen mellom forvaltningsnivåa omtalt:

«Bevilgningen på denne posten gjelder ordinært driftstilskudd til museer i det nasjonale museumsnettverket. Fra 2018 vil det være 63 enheter i museumsnettverket. Fylkeskommunene, vertskommuner og kommuner som nyter godt av museenes kompetanse, formidling og andre tjenester, har et delansvar for finansieringen av museene. Forutsetningen vil normalt være at regionen skal dekke minst 40 pst.» (Prop. 1S (2017-2018) s. 76).

Kulturrådets talmateriale frå 2016 viser at musea i Bergensregionen og i Hordaland får statlege løyvingar langt under norma som låg til grunn ved museumsreforma.

Bergen bystyre og Hordaland fylkesting har difor bede om at den svake utviklinga i statlege tilskot til dei konsoliderte musea blir følgd opp. Bergen bystyre fatta vedtak i sak 11/18 den 31.01.2018. Hordaland fylkesting fatta vedtak i PS 89/2017 den 03.10.2018, samt Fylkesutvalet fatta vedtak i PS 105/2018 03.05.2018 og i PS 140/2018 31.05.2018.

Museumsalliansen i Bergensregionen, fylkeskommune og kommune har i fellesskap drøfta dei økonomiske utfordringane. Vedlagt føl kunnskapsgrunnlag som underbygger den økonomiske skeivfordelinga:

- Det er stor variasjon i staten sine løyvingar. Alle musea i Hordaland ligg under 60 pst statleg andel til ordinær drift. To av musea våre ligg aller nederst på statistikken, med 28-30 pst statleg andel (tabell 1).
- Hordaland har nest mest besøk. Staten sin andel pr besøk er relativt beskjeden samanlikna med andre fylke (tabell 2 og 3).
- Hordaland kjem lågt ut når statlege tildelingar vert samanstillt med antal innbyggjarar (tabell 4).
- Antal besøk pr innbyggjar kunne gjerne ha vore høgare, men ligg likevel over landsgjennomsnittet (tabell 5).
- Kommunane i Hordaland sett under eitt, og Bergen kommune åleine, ligg langt over norma på 20 pst kommunal andel (tabell 6 og 7).

Kommunalt og fylkeskommunalt nivå står samla med musea i utfordringane knytt til den økonomiske skeivfordelinga. Dagens kriteriegrunnlag vert opplevd som noko vilkårlig. Vi ber difor om at det snarast vert jobba fram nytt kriteriegrunnlag. Dette må vere føreseieleg og det

må ha ei tydeleg kopling mot satsingsområde, portefølje og ansvarsområde. Videre må det gjevast uttøling for sterkt lokalt engasjement.

På generelt grunnlag vil vi understreke at den økonomiske situasjonen for fleire av musea våre er prekær, noko det er varsla om på fleire måtar og til ulike aktørar som Hordalandsbenken, Familie- og kulturkomiteen, Kulturrådet og Kulturdepartementet. Spriket mellom økonomi og oppgåver har blitt større. Museumsreforma er i ferd med å bli reversert.

Det er stort behov for auka grunnfinansiering frå staten til drift av dei konsoliderte musea i Bergensregionen. Museumsalliansen ber om at dette blir reflektert allereie i 2019-budsjettet.

Med vennleg helsing



Julie Andersland
Byråd
Byrådsavdeling for klima, kultur og næring
Bergen kommune



Anne Gine Hestetun
Fylkesordfører
Hordaland fylkeskommune

Museumsalliansen i Bergensregionen:

Ruth Sølvi Brudvik (sign.)
Styreleiar
Museum Vest

Bjørn Sjaastad (sign.)
Styreleiar
Bergens Sjøfartsmuseum

Janicke Runshaug Foss (sign.)
Styreleiar
Bymuseet i Bergen

Nils Marton Aadland (sign.)
Styreleiar
Museumssenteret i Hordaland

Henning Warloe (sign.)
Styreleiar
KODE Kunstmuseer og komponisthjem

Kopi:

- Hordalandsbenken på Stortinget ove.trellevik@stortinget.no
- Kulturrådet post@kulturradet.no
- Familie- og kulturkomiteen, Stortinget postmottak@stortinget.no

VEDLEGG

Kunnskapsgrunnlag for møte mellom de Bergensbaserte konsoliderte musea, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune 25.05.18

Bakgrunn

Ei evaluering av museumsreforma har lenge vore eit prioritert tiltak i den regionale museumspolitikken. På oppdrag for Hordaland fylkeskommune gjennomførte Agderforskning ei evaluering av reforma i fylket, handsama i Fylkestinget 03.10.2017, PS 89/2017.

Evalueringa viste at dei konsoliderte musea i Hordaland har statleg andel av ordinære driftstilskot som ligg spesielt lågt og langt under landsgjennomsnittet. I politisk saksframlegg, «Museumsreforma i Hordaland – dei konsoliderte musea – offentlege tilskot – fordeling stat, fylke, kommune», handsama i Fylkesutvalet 03.05.2018, PS 105/2018, vart det difor fatta vedtak om at: *Fylkesutvalet meiner dei statlege tilskota til dei konsoliderte musea i Hordaland må aukast minst tilsvarende snittet for resten av landet. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for dialog med staten om medansvar og framtidig finansieringsmodell.* Tal og statistikk, som det vert vist til i dette vedlegget, vart handsama i Fylkesutvalet 31.05.2018, PS 140/2018, der det vart fatta vedtak om at: *Fylkesutvalet forventar at staten aukar det samla statlege tilskotet til dei konsoliderte musea i Hordaland til minst tilsvarende snitt for resten av landet før regionreforma vert gjennomført i 2020.*

I møte 12. mars 2018, mellom direktørar og styreleiarar ved de konsoliderte musea i Bergen som byråd i Bergen kommune Julie Andersland inviterte til, blei det konkludert med følgjande:

1. Auka grunnfinansiering frå staten både til drift og investering er oppfatta som eit klart felles ønske å jobbe vidare med.
2. Nokon viktige vegval må vidare utgeiast, bl.a. kva økonomiske kriterier regionen samla sett ønskjer å utfordre staten på å vidareutvikle.
3. Det må lagast forslag til eit felles budskap/ein uttale for heile regionen. Fylkeskommunen blir involvert i konkretisering og den vidare prosess.
4. Det blir invitert til eit utvida fellesmøte for gjennomgang av strategi før sommaren.

Eit av måla med museumsreforma som blei innført midt på 2000-talet var å betre økonomien til musea og auke offentlege tilskot. Staten, fylkeskommunane og kommunane skulle stå for det økonomiske spleiselaget. Fordelingsnøkkelen mellom forvaltningsnivåa var at staten skulle bidra med inntil 60 pst, og regionen minimum 40 pst. Dette er seinast stadfesta i årets statsbudsjett:

«Budsjettforslag 2018 Post 70 Det nasjonale museumsnettverket. Bevilgningen på denne posten gjelder ordinært driftstilskudd til museer i det nasjonale museumsnettverket. Fra 2018 vil det være 63 enheter i museumsnettverket. Fylkeskommunene, vertskommuner og kommuner som nyter godt av museenes kompetanse, formidling og andre tjenester, har et delansvar for finansieringen av museene. Forutsetningen vil normalt være at regionen skal dekke minst 40 pst.» (Prop. 1S (2017-2018), s. 76).

Det skal no gjennomførast ei vurdering av museumsreforma på landsbasis. Utfordringar skal identifiserast på m.a. økonomistyring, bruk av ressursar, publikumsaktivitet m.v.

Kunnskapsgrunnlag 1:

Samanlikningar av museum som mottek tilskot frå KUD

Tabell 1-5 er utarbeidd av Bergens Sjøfartsmuseum, på grunnlag av tal frå «Det nasjonale museumsnettverket 2015 [og 2016] – Rapport for museene med tilskudd fra Kulturdepartementet (Kap. 328 post 70)» (utgitt av Kulturrådet i henholdsvis 2016 og 2017), Kulturdepartementet (KUD) Prop. 1 S (2017–2018) samt befolkningstal frå Statistisk sentralbyrå.

KUD-midler (post 70) av totale ordinære offentlige driftstilskot, samtlege museum.
Tabell 1

Museum	2015 (%)	2016 (%)	Endring (%)
Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design	100	100	0
Nordnorsk Kunstmuseum	100	100	0
Norsk Folkemuseum	100	100	0
Norsk Luftfartsmuseum	100	100	0
Preus museum	100	100	0
Stiftelsen Norsk Teknisk Museum	100	100	0
Svalbard museum	100	100	0
Norsk Bergverksmuseum	100	98	-2
Stiftelsen Lillehammer museum	97	96	-1
Nynorsk kultursentrum	89	82	-7
Norsk Industrierbeidermuseum	81	80	-1
Valdresmusea AS	78	77	-1
Museene i Sør-Trøndelag A/S	75	75	0
Sørlandets Kunstmuseum	60	75	15
Stiftelsen Kulturkvartalet	77	74	-3
Anno museum AS	73	73	0
Varanger museum IKS	72	72	0
Blaafarveværket	65	65	0
Næs Jernverksmuseum	65	65	0
Musea i Sogn og Fjordane	63	63	0
Stiftinga Sunnmøre Museum	61	63	2
Snitt alle KUD museer (post 70)	60	60	0,1
Lillehammer Kunstmuseum	60	60	0
Punkt Ø	60	60	0
Randsfjordmuseene AS	60	60	0
Museum Nord	59	59	0
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum	58	58	0
Stiklestad Nasjonale Kultursenter	58	58	0
Telemark Museum	58	58	0
Nord-Troms Museum AS	57	57	0
Sør-Troms Museum	57	56	-1
Gudbrandsdalsmusea AS	56	56	0
Stiftelsen Buskerudmuseet	54	55	1
Vest-Telemark museum	55	54	-1
Mjøsmuseet AS	57	53	-4
Bymuseet i Bergen, Stiftelsen	53	53	0
Romsdalsmuseet	53	53	0


Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark IKS	51	51	0
Ryfylkemuseet	51	51	0
Østfoldmuseene	50	50	0
Museet Midt IKS	48	50	2
Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum IKS	48	50	2
Vest-Agder-museet IKS	52	49	-3
Henie Onstad Kunstsenter	49	49	0
Stiftinga Jærmuseet	47	49	2
Aust-Agder museum og arkiv IKS	49	48	-1
Museumsenteret i Hordaland	48	48	0
Nordlandsmuseet	48	48	0
Helgeland Museum	48	47	-1
Sunnhordland Museum	48	47	1
Nordmøre museum, Stiftelsen	47	46	-1
Perspektivet Museum	46	46	0
Stiftelsen Akershusmuseet	45	46	1
Baroniet Rosendal	45	45	0
Oslo Museum	45	45	0
Midt-Troms Museum	45	44	-1
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	43	44	1
Vestfoldmuseene IKS	43	44	1
Dalane folkemuseum	44	43	-1
Hardanger og Voss museum	42	43	1
Drammens museum for kunst og kulturhistorie	42	42	0
Haugalandmuseene	41	42	1
Museum Stavanger	40	40	0
Agder naturmuseum og botanisk hage IKS	41	39	-2
KODE - Kunstmuseene i Bergen	26	30	4
Museum Vest	33	28	-5

Kilde: Kulturrådet 2016 og 2017

Tabell 1 viser at alle Hordalandsmusea ligg under 60 pst statleg driftsfinansiering (markert med raudt). Desidert lågast ligg KODE og Museum Vest med hhv 30 og 28 pst statleg andel. 24 av 65 museum hadde ein statleg andel av driftstilskotet som var 60 pst eller meir. Sju museum hadde 100 pst statleg finansiering.

Totale besøkstal (KUD, post 70), 2016. Tabell 2

*Oslo inkluderer Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design




Kilde: Kulturrådet 2017

Tabell 2 viser at Hordaland har nest høgaste besøkstal på landsbasis i 2016. Oslo ligg øverst.

KUD-midler (post 70), pr besøk 2016. Tabell 3


(1000 kroner)



Kilde: Kulturrådet 2017

Tabell 3 viser at Hordaland kjem på 3. sisteplass, etterfølgd av Rogaland og Akershus, når statlege tildelingar er sammenstilte med antal besøkende. Sogn og Fjordane kjem desidert best ut med kr 570 pr besøk. Hordaland har kr 120 pr besøk.


KUD-midlar (post 70) pr innbyggjar 2016 og 2018. Tabell 4



Tabell 4 viser at Hordaland kjem lågt ut når statlege tildelingar vert sammenstilte med antal innbyggjarar. Hordaland har kr 170 pr innbyggjar i 2018 mot kr 150 i 2016. Oslo kjem desidert best ut med kr 790 pr innbyggjar i 2018 mot kr 290 i 2016. Oppland og Trøndelag (Sør- og Nord-Trøndelag er slått saman til Trøndelag i tabellen) kjem på dei neste plassane. Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design kom først med i post 70 i 2017, og dette forklarar den store endringa for Oslo. KUD tiltakspakke for auka sysselsetting i 2016 (Rogaland og Hordaland) er ikkje inkludert.

Antal besøk pr innbyggjar, museum under KUD post 70, 2016. Tabell 5

*KUD tiltakspakke for økt sysselsetting i 2016 (Rogaland og Hordaland) er ikke inkludert.



Kilde: Kulturrådet 2017

Tabell 5 viser at Hordaland har 1,48 besøk pr innbyggjar. Gjennomsnittet er 1,2 besøkande. Best ut kjem Oslo med 2,39.

Kunnskapsgrunnlag 2:

Statleg, fylkeskommunal og kommunal andel av økonomisk fordelingsnøkkel, Hordaland/Bergen

Som i statsbudsjettet, presenterer Kulturrådet i sine økonomiske statistikkar fylkeskommune og kommune under eitt, ofte under begrepet *regionalt nivå* eller *regionen*. Eit eksempel på dette er i rapporten *Museene i 2016. Kulturrådets vurderinger av museene i det nasjonale museumsnettverket*.

På førespurnad har ein fått tilgang til datamateriale der bidraga frå alle tre forvaltningsnivåa er synleggjort. For Hordaland viser tala for 2016 at for ordinære offentlege driftstilskot var kommunane sine bidrag høgare enn statens bidrag.

Ordinære offentlege driftstilskot frå Kulturdepartementet, frå Hordaland fylkeskommune og frå kommunene i Hordaland, 2016. Tabell 6

Museum	Ord off	Ord off	Ord off
	Ord off KUD driftstilskot	Fylke driftstilskot	Kommune driftstilskot
	Rekneskap 2016	Rekneskap 2016	Rekneskap 2016
Baroniet Rosendal / Den Weis Rosenkroneske stiftelse	1 370	1 065	600
Bymuseet i Bergen, Stiftelsen	17 300	6 755	8 300
Hardanger og Voss museum	10 270	11 816	1 802
KODE - Kunstmuseene i Bergen	22 951	3 555	50 660
Museum Vest	9 350	4 769	18 983
Museumssenteret i Hordaland	11 410	9 753	2 480
Norsk Vasskraft- og Industriestadmuseum	3 580	1 285	1 256
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	2 540	1 685	1 602
Sunnhordland Museum	3 040	2 597	868
	81 811	43 280	86 551
Musea i Sogn og Fjordane	34 900	15 589	5 347

Kjelde: Kulturrådet

Tabell 6 viser at kommunesektoren totalt i Hordaland bidrog økonomisk sett meir til ordinær drift av dei konsoliderte musea i 2016 enn det staten gjorde. Kommunane med sine 86,6 mill kr bidrog med 41 pst. Statens bidrag på 81,8 mill kr utgjorde 39 pst. Fylkeskommunens andel utgjorde 20 pst.

Sett frå Bergen kommune sin ståstad er det interessant å få fram kor stor prosentandel Bergen kommunes bidrag utgjør av sekkeposten «kommune». For tre av fem av de bergensbaserte musea - Bymuseet i Bergen, KODE Kunstmuseer og komponisthjem og Bergens Sjøfartsmuseum – er det kun Bergen kommune som er inne økonomisk frå kommunal sektor. For Museum Vest og Museumssenteret i Hordaland er det fleire kommunar som bidreg.

Statens, Hordaland fylkeskommunes, Bergen kommunes og andre kommunar sin andel av ordinære offentlege tilskot i 2016 til dei bergensbaserte musea. Tabell 7

De Bergensbaserte museenes fordelingsnøkkel, andel av ordinære offentlige tilskudd, basert på regnskapstall 2016	Statens andel av ordinære offentlige tilskudd i 2016	Hordaland fylkeskommunes andel av ordinære offentlige tilskudd i 2016	Bergen kommunes andel av ordinære offentlige tilskudd i 2016	Andre kommunes andel av ordinære offentlige tilskudd i 2016	Sum	Totalt, ordinære offentlige tilskudd i mill kr, i 2016
Bymuseet i Bergen	54 %	21 %	26 %	0 %	100 %	32355
KODE Kunstmuseer og komponisthjem	30 %	5 %	66 %	0 %	100 %	77166
Museum Vest	28 %	14 %	30 %	27 %	100 %	33102
Museumssenteret i Hordaland	48 %	41 %	7 %	3 %	100 %	23643
Bergens Sjøfartsmuseum	44 %	29 %	28 %	0 %	100 %	5827
De Bergensbaserte museene, i gjennomsnitt	41 %	22 %	31 %	6 %	100 %	

Kjelde: Kulturrådet. 2016-tal, med utgangspunkt i tala i tabell 6.

Tabell 7 viser at det i gjennomsnitt for dei fem bergensbaserte musea var statens andel 41 pst, fylkeskommunen 22 pst og kommunane sine bidrag samla 37 pst.

Tabellen viser at det er store variasjonar musea imellom. Til Bymuseet har staten i 2016 bidrege med 54 pst, Hordaland fylkeskommune med 21 pst og Bergen kommune med 26 pst av det totale ordinære driftstilskotet på 32,4 mill kr. Til KODE har staten bidrege med 30 pst, Hordaland fylkeskommune med 5 pst og Bergen kommune med 66 pst av det totale ordinære driftstilskotet. Til Museum Vest var statens bidrag på 28 pst, Hordaland fylkeskommune 14 pst, Bergen kommune 30 pst og andre kommunar 27 pst. Til Museumssenteret i Hordaland har staten bidrege med 48 pst, Hordaland fylkeskommune 41 pst, Bergen kommune 7 pst og andre kommunar har bidrege med 3 pst av det totale ordinære driftstilskotet på 23,6 mill kr. Bevaringstjenestene, ei avdeling i Museumssenteret i Hordaland, er ei felles konserverings- og bevaringsteneste for alle dei konsoliderte musea i fylket. Til Bergens Sjøfartsmuseum bidrog staten med 44 pst i 2016, Hordaland fylkeskommune med 29 pst og Bergen kommune med 28 pst.